



Nye læreplanar trer i kraft til hausten

Dette nummeret startar med ein tekst frå Tangenten sitt systerblad i Sverige, Nämnamnaren. Säfström, Kilhamn og Nyman skriv om rike oppgåver og rike løysingar, om korleis ei rik oppgåva kan leggja til rette for at elevar vert gode problemløysarar. Sentrale kjenneteikn på rike oppgåver er at dei kan tilpassast i vanskegrad slik at det krev tenking før ein ser løysingar, og at det finst fleire løysingar og måtar å tenkja på. Det viktigaste er likevel at fokus på rike løysingar får fram verdien av prosessen – at løysingar består av både framgangsmåtar og svar.

Eit auka fokus på prosess inneber at born og elevar vert utfordra til å argumentera med bruk av ulike representasjonar, til dømes gjennom bruk av konkretiseringsmateriell, algebra og grafisk-visuelle tilnærmingar. Arbeid med ulike representasjonar og veksling mellom dei kan stimulera til lærerik fagleg fordjuping. Fojcik har i sin fagfelleverderte tekst om geometriundervisning på 10. trinn fokus på verdien av prosess og utforskande oppgåver. Arbeid med programmering innbyr òg til bruk av ulike representasjonsformer. Kravik sin tekst om programmering og geometri, og Bueie og Lie sin tekst om programmering og generalisering, er døme på korleis tekstbasert programmering kan hjelpa elevar til algebraisk tenking, til ei analytisk og systematisk tilnærming til matematikk.

tangenten 2/2020

Dei nye læreplanane trer i kraft til hausten. Neste nummer av Tangenten vil ha fokus på det og me ynskjer aktuelle tekstar velkomne. Det kan handla om elevar som får tid til fordjuping, prøver ut digitale læringsarenaer, tenkjer kritisk og argumenterer, er utforskande og kreative. Det kan vera fokus på kjerneelement som til dømes utforskning og problemløysing eller representasjon og kommunikasjon. Det kan vere fokus på tverrfaglege tema som demokrati og medborgarskap eller folkehelse og livsmeistring, noko som kan lyfta fram matematikken si rolle i sentrale samfunnsutfordringar.

Tangenten utfordrar difor lærarar, lærarutdannarar og andre med interesse for matematikkundervisning, frå alle delar av landet, til å skriva om undervisning i lys av nye læreplanar. Det kan vera lengre tekster opptil seks sider, kortare tekstar med glimt frå klasserommet eller lesarinnlegg om kva ein ser fram til og kva ein ser kan by på utfordringar med dei nye planane. Tekstar om noko som er prøvd ut med døme på noko elevar har laga, gjort eller sagt, er særleg velkomne. Tekstar om matematikkaktivitet i barnehagen vil òg kunna inspirere til utvikling for heile utdanningsfeltet. Frist for å senda inn tekstar til neste nummer er 8. juni. *God skrivelyst!*